

## 2 RESULTAT

Ølmedalsvatn, 115 m o.h., areal = 90 ha.

Vatnet er omgjeve av dyrka mark, beite og skogslier. Omgivnadene er elles grundig omtala i rapporten frå 1969. Gytetilhøva er gode i innlaupselvane i nord-aust og i elva frå Byrkjelandsvatn i sør.

Vasskvalitet. I tabellen under er resultatata av vassprøveanalyser samanlikna med verdiane i 1969.

År	pH	El.led. evne uS/cm	Kalsium mg Ca/l	Aluminium mg Al/l	Alkalitet mmol/l	Farge uv
1969	6,2	19,2		-	-	-
1984	5,7	24,3	0,67	35	0,04	10

pH-verdien er lågare i 1984 enn i -69, eit generelt trekk for denne delen av Sør-Norge.

FiskAURE

Ved prøvefisket i 1984 vart det fanga 97 aurar og 1 røye på 1 Jensen-serie, i 1969 var fangsten 95 aurar på tilsvarande garnmengde. Lengde- og aldersfordelinga var tilnærma lik ved begge prøvegarnsfiska, det same er tilfelle for veksten.

Største aure var 27,0 cm og 166 gram. Gjennomsnittsvekta i fangsten var 116 gram og gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var 0,96, ca. 40 % av aurane var kvite i kjøtet, resten lyseraude eller raude.

Kvaliteten var middels til under middels.

Næringsgrunnlaget for auren og røya er gjeve i volumprosent i tabellen på neste side.

Næringsdyr										Antal mageprøver	
Fiskeart	Fjørmygglarver	Fjørmyggpupper	Vårflugelarver	Vasskalv	Ertemusling	Bosmina sp.	Bythotrephes longimanus	Hoppekreps	Linsekreps	Luftinsekt	
Aure	12	40	7	5	7		12	6	5	6	20
Røye						100					1

Larver og pupper av fjørmygg dominerte i auremagane, men fleire andre næringsdyrgrupper var representert m.a. fleire artar planktoniske krepsdyr.

Den eine røya hadde kun ete det vesle planktoniske krepsdyret Bosmina longirostris.

Auren veks (uvanleg) raskt dei 3 første leveåra, deretter avtek veksten og stagnerer ved 22-24 cm's lengde.

Mange av nannane blir kjønnsmogne 3 år gamle, medan dei fleste hoene blir kjønnsmogne som 4-åringar. Over 70 % av aurane i fangsten var kjønnsmogne.

Skjellanalysene viste få fisk som var 5 år eller eldre. Dette kjem mest sannsynleg av at sonene i skjellet ligg svært tett dersom veksten stagnerer. Dermed er det vanskeleg å fastslå rett alder på gammal fisk.


Aurebestanden i vatnet er dominert av småfallen fisk. For å betre kvaliteten bør det fiskast meir med småmaska garn, helst 30 omfar. Garnfisket føregår i dag med botngarn om hausten. Ved å bruke flytegarn i perioden juli til oktober kan ein truleg få store fangstar. Uttyning av bestanden er heilt nødvendig for å betre kvaliteten.

#### Røye

Ved prøvefisket vart det fanga 1 han-røye. Denne var 22,8 cm

og 116 gram. K-faktor var 0,98 og kjøtfargen lyseraud. Røyebestanden i vatnet er fåtallig, men om hausten blir det fanga ein del røye av fin kvalitet på botngarn.

LENGDE  
CM



Aldersfordeling.

Alder:	Antal:
2 år	2
3 år	16
4 år	18
5 år	3
7 år	1

ØLMEDALSVATN: Vekstkurve, alder- og lengdefordeling.

% AV  
TOTAL

